

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 05.09.16

Vår ref. 881/16/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Austrheim kommune
Sætermarka 2
5943 Austrheim

e-mail

AUSTRHEIM – REVISJON AV KOMMUNEPLAN.

Viser til dykkar brev av 13.04.2016, ref 14/202-16/2843, mottatt 06.07.16 etter forespurnad, samt dykkar brev der me fekk utsatt frist til 31.08.16.

Eg orienterte via mail om at vårt svar vil kome 05.09.16.

Kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyte-, oppvekst- og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal blir «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er me heilt avhengig av eit godt havmiljø med reine og produktive fjordar, noko som òg er avgjерande for kvalitet, mattryggelik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. I tillegg er ein avhengig av eigna areal å fiske på.

Fiskarlaget Vest konstaterer at det er kommunen sitt ansvar å ta vare på fiskebruksområde t.d., låssetningslassar, område for passiv og aktiv reiskap, som er viktige for fiskarar som bur i nærområdet, dvs. svake regionale og lokale fiskeriinteresser. Det vil seie at ein skal ivareta både lokale og regionale interesser.

Det er svært viktig at dette blir fulgt opp om ein fortsatt skal ha lokale/regionale kystfiskarar i vårt område.

Fiskeridirektoret sine regionkontor skal ivareta sterkt regionale og nasjonale bruks- og ressursområde innan fiskeri.

Det er svært viktig at slike område òg blir ivaretaken i kommuneplansamanhang.



Fiskarlaget Vest ser positivt på at kommunen har tatt inn ein del av kaste-/låssettingsplassane frå Fiskeridirektoratet si nettside, som ikkje var med i førre plan.

I tillegg vil Fiskarlaget Vest peika på at følgjande kaste-/låssettingsplassar må inn:

- Kastholmsundet, jf. D-a
- Sævrøyna, jf. D-b
- Austrheimsvågen, jf. D-c
- Førlandsvågen, jf. D-d
- Kalven, jf. D-d
- Bakka, jf. D-e
- Søre Fonnesvågen, jf. D-f
- Nordre Fonnesvågen, jf. D-f
- Sør om Stavesundsholmen, jf. D-g
- Åråsvågen, vestsida, jf. D-g
- Klufta (Børilden), jf. D-h

I tillegg manglar kaste-/låssettingsplassen både i kommuneplanen og hos Fiskeridirektoratet, i Lerøysundet, jf. D-i.

Ein registerer at:

- reketrålfeltet i Hoplandsosen berre er tatt inn som gytefelt. Ein meiner at dette området må inn som trålfelt/fiskefelt der ein ikkje kan tillate fortøyningar, leidningar o.l. som kan vere til hinder for fiske. Det er svært viktig å oppretthalde trålområda, sjølv om dei ikkje alltid er i bruk, da det er naturgjevne område, som vil bli øydelagd for slikt framtidig fiske om det blir lagt ut hinder i trålfelta, t.d. anker.
På generelt grunnlag kan ein òg opplyse om at ein er skeptisk til å leggje oppdrett nær reketrålfelt, hummarplassar m.m. pga at det ved mange anlegg blir nytta lusemiddel med kitinhemmande stoff. Det hindrar skalskifte hos skaldyr, jf. m.a. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013 (imr.no) og IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av einskilde avlusingsmiddel i høve reke, jf. link:
<http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728>.

Ein nyttar òg andre avlusingsmiddel, som ein gjerne ikkje kjenner konsekvensane for det marine liv.

Ankra i AK-området må ikkje kome inn i reketrålfeltet i Børildosen.

- område for passiv reiskap nordaust for Storestonga og vest for Skagøyna, Brimsøyna og Sauøyna er registrert som m.a. NFR-område. Ein meiner at desse områda bør registrerast som område for fiske/passiv reiskap.
- område for ferdsel, § 3.3.1, på lik linje med ankringsområde og farlei, bør kunne nyttast til fiske når det ikkje er til vesentleg ulempe for ferdsel, jf. § 3.3.2 (ferdsle (ankringsområde)) og 3.3.3 (farlei).

- når det gjeld område for passiv reiskap, som er registrert hos Fiskeridirektoratet, er det einskilde som berre er tatt inn som gyteområde i kommuneplanen, t.d. aust for Njøta, nordaust for Ulvøyna og Klufta (Børilden). Ein føreset at gyteområda blir verna i høve tiltak, som kan hindre gytting og fiske i området.

Ein føreset at fiske kan føregå innanfor NFF- området, som ser ut som om det er auka ved m.a. Rongeværet og nord for Nordre Tjørholmen.

Ein gjer merksam på at når fleire kategoriar; ferdsel, friluftsliv og fiske, har same bokstav i kartet, kan det vere vanskeleg å vite kva som er gjeldande. Burde kanskje stått Fe, Fr og Fi, slik at eit NFFF-område blir NFeFrFi. Om ikkje bør det stå forklaring på kva som ligg i NFFF, NFF osb.

Ved kystsoneplanlegging må ein òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Ein forutset at fiskeriinteressene blir godt ivaretatt i den vidare prosessen.


Med helsing
Fiskarlaget Vest

Brit S. Instebø
Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Hordaland

D - a

Austrheim - kaste-/låssettingsplassar - manglar i KP




Målestokk: 1:8 012

D - b

Austrheim - kaste-/låssettingsplassar - manglar i


KP



Målestokk: 1:8 012

D - C


Austrheim-kaste-/låssettingsplassa-manglar i KP



Målestokk: 1:7 569

D - J

Austrheim - kaste-/låssettingsplassar - manglar i KP




Målestokk: 1:13 808

D-e

KP


Austrheim - kaste-/låssettingsplassar - manglar i



Målestokk: 1:13 808

D-F

Austrheim - kaste-/låssettingsplassar - manglar i KP




Målestokk: 1:21 872

D - 9

KP

Austrheim - kaste-/låssettingsplassar - manglar i




Målestokk: 1:18 717

D - h


Austrheim - KL manglar i KP

© Fiskeridirektoratet



Austrheim, Lerøy

D - C



Målestokk: 1:6 682